

Til
Lokalforeiningar og lokalråd,
distriktsstyret, distriktsråda,
leiarar i valnemnder, revisor, kontrollkomiteen

Førde, 24. februar 2026

INNKALLING TIL DISTRIKTSÅRSMØTET 2026; 21. – 22. mars på Skei

Viser til tidlegare annonsering i Agenda med informasjon om årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 2026. Årsmøtet vert halde på Grand Hotell Skei.

Som i fjor vert det ikkje ein kveikande innleiar fredag kveld. Men leiartroikaen i lokale hjelpekorps er invitert til samling frå fredag kl. 1800. Dei som kjem fredag møtes til drøs og middag etter kvart som dei kjem fram.

Valmøta til distriktsråda og møte for lokalforeiningane vert laurdag 21. mars før lunsj. Sjølv distriktsårsmøtet startar same dag etter lunsj. Sundag morgon startar vi med eit relevant tema, og som vi håpar vil opplevast fengande.

Lenke til dagsorden og saksdokument vert sendt pr. e-post innan 28. februar til lokalforeiningane og lokalråda, og til delegatar og observatørar som då er påmeldt årsmøtet. Saksdokumenta er tilgjengeleg i papirform for dei som er tilstades årsmøtehelga.

Påmelding til årsmøtet skjer ved å gå inn på denne lenka [Distriktsårsmøte 2026](#). Der vil det òg vere opplysingar om prisar og anna praktisk,

Kvart lokalråd kan delta med både leiar og nestleiar (to delegatar) i dei respektive valmøta til distriktsråda. I årsmøtet kan lokalforeiningane vere representert med inntil fire delegatar; ein frå lokalforeininga og ein frå kvart lokalråd. Lokale ledd kan ha med observatørar til alle møte.

Distriktsstyret ser fram til eit aktivt og gjevande årsmøte, til beste for den einskilde deltakar og Røde Kors-organisasjonen. Vi ynskjer gjester, representantar og observatørar hjarteleg velkomne til hyggjelege årsmøtedagar på Skei.

Vel møtt!

Med helsing
for SOGN OG FJORDANE RØDE KORS

Jon Atle Sagebø-Rise/s
Distriktsleiar